

det vi er en del av.

Vi vil også oppfordre medlemmene våre til å støtte NCFI økonomisk. Dette kan dere gjøre ved å sette inn penger på KFSS sin konto og øremerke dem «gave til NCFI».

BØNN OG BØNNEARBEID

KFSS har samarbeid med det internasjonale bønnearbeidet til

NCFI, og vil fortsette med dette. Vi har også en gruppe som mottar bønnebrev 4 ganger i året fra landsstyret og er med i bønn for dem og KFSS som organisasjon. Neste landskonferanse vil bli høsten 2017. Tema er ikke satt enda, og vi tar gjerne imot forslag fra medlemmene våre. Dersom du har forslag til tema, kan du sende det til oss på

kfss@kfss.org innen 30. januar 2016.

Vi ønsker alle våre medlemmer en god jul!

«Se, jomfruen skal bli med barn og føde en sønn, og de skal gi ham navnet Immanuel - det betyr: Gud med oss» (Matt 1,23)

Marianne Augestad

BOKOMTALE – Helsefremming i kommunehelsetjenesten



«Helsefremming i kommunehelsetjenesten» Cappelen Damm, 2014.
Gørill Haugan og Toril Rannestad (red.)

Denne boka er komen som eit svar på dei nye oppgåvane kommunane har fått i høve samhandlingsreforma og nye lover om folkehelse og helse- og omsorgstenesta i kommunane. Saman med 18 kapittelforfattarar gjev redaktørane Haugan og Rannestad, som begge er sjukepleiarar, med denne boka ei god oversikt og mykje detaljkunnskap om dette store og viktige temaet.

Boka har tre hovuddelar. Etter ei kort innleiing av redaktørane, tek den første delen føre seg overordna omgrep innan helsefremming. Dei store og ofte vanskeleg tilgjengelege omgrepene livskvalitet, oppleving av samanheng, meistring og sosial

støtte vert presenterte på ein rydig og oversiktleg måte. Tabellar og oppsummeringsavsnitt gjer at leseren lett får med seg hovedpunktene i kapitla.

Den andre delen tek føre seg helsefremming blant ulike brukargrupper. Demente sjukeheimspasientar, mentalt klare langtidspasientar i sjukeheim, pasientar som har overlevd brystkreft og pårørande med stor omsorgsbelastning er mellom gruppene som vert nemnde. På ein konkret og truverdig måte vert aktuelle problemstillingar og døme på tilnærningsmåtar presentert for leseren. Her er det mange gode råd å ta med seg!

Den tredje delen tek føre seg føresetnader for helsefremming i kommunane, kva rammer, haldningar og ressursar som er avgjerande for å lukkast i arbeidet. I tillegg vert holistisk tilnærming og ulike aspekt rundt innføring av velferdsteknologi omtala i kvart sitt kapittel.

Boka har mange forfattarar som skriv om tema som til dels går i kvarandre. Likevel har redaktørane klart å styre innhaldet slik at overlappinga ikkje vert for stor. Forfattarane har òg lukkast med å gjere, for mange av oss, vanskeleg tilgjengelege og diffuse helse-omgrep meir lett forståelige og konkrete. Dette er etter mi mening kanskje det viktigaste og beste ved boka.

Boka er skriven for bachelor- og masterstudentar i sjukepleie og andre helse- og sosialfag, men er absolutt aktuell også for leiarar og fotfolk i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Helsetenesta i Norge står midt i eit stort reformarbeid som krev nye tilnærningsmåtar til utfordringane. Denne boka kan gje viktige innspel til desse!

Kjell Arne Aarheim,
Førstelektor, Haraldsplass
Diakonale høgskole